



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-18

Sakshandsamar: Hilde Øyane

Saksgang

Utval

Møtedato

Saksnummer

Ungdomsrådet

Ungdataundersøkinga 2024

Evaluering av resultat og vidare arbeid med Ungdata i Tokke.

Vedlegg

1 Telemark_Tokke_2024_Ungdomsskule_Kommune

Bakgrunn for saka

Kven står bak ungdataundersøkinga?

NOVA og KORUS

NOVA er Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.

KORUS- kompetansesenter for rusfeltet

Ungdataundersøkinga er ei stor undersøking som gir eit breitt bilete av korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Den favnar mykje breiare enn elevundersøkinga, som berre tek for seg skule og skulemiljø.

Den er gjennomført for 4.gong, og difor kan ein no få trendrapportar som syner utvikling over tid, både på landsbasis, fylkesnivå og i den einskilde kommune. Då kan ein nytte data som blir samla inn til inspirasjon, skape lokalt engasjement og drive førebyggjande arbeid.

Elevtenesta ved VT-vgs, SLT-koordinator og sektretær for Ungdomsrådet hadde møte i juni der vi saman såg på resultata for fylket, ungdomsskulane i Tokke og Vest-Telemark vgs.

VTB hadde ein reportasje om Ungdataundersøkinga 15.08, der dei samanlikna kommunane i Vest-Telemark i utvalde tema.

Saksutgreiing

For å kvalitetssikre arbeidet i større grad skal Tokke kommune opprette ei tverrfagleg samarbeidsgruppe som skal jobbe med ungdataundersøkinga. Arbeidsgruppa vil ha representantar frå m.a. helse, oppvekst, ungdomsråd, SLT-koordinator. Det er eit ynskje frå helse at kommunelege blir ein del av denne gruppa.

Standardrapport og trendrapportar skal gje politikarar og alle som jobbar med born og unge eit breitt bilete av korleis ungdom har det og kva dei driv med på fritida. Det kan vere lurt at representant frå ungdomsrådet, saman med SLT-koordinator legg fram nokre funn frå årets undersøking i formannskapet 20.november og delar tankar om korleis ein vil jobbe med ungdataundersøkinga i tverrfagleg arbeidsgruppe og planarbeid som td. SLT-handlingsplan, og folkehelseplan.

Ungdata-prosessen består av planlegging, gjennomføring og oppfølging av resultat. Det er eit ynskje om i større grad å få reell ungdomsmedverknad i alle delane av prosessen.

Konklusjon

Tverrfagleg arbeidsgruppe bør bli oppretta og skal arbeide med alle delar av ungdata-prosessen. Det vil seie planlegging, gjennomføring og oppfølging av resultat i ungdata.

Gruppa bør bestå av representantar frå helseetat, oppvekstetat, Vest-Telemark vgs, SLT-koordinator og ungdomsråd i Tokke.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke ungdomsråd seier seg einig i oppretting av arbeidsgruppe som arbeide med alle delar av ungdata-prosessen. Det vil seie planlegging, gjennomføring og oppfølging av resultat i ungdata.

Gruppa bør bestå av representantar frå helseetat, oppvekstetat, Vest-Telemark vgs, SLT-koordinator og ungdomsråd i Tokke.

Ungdomsrådet vel eigen representant til gruppa.